

Møtebok

Sak nr.:	03/2015	Arkiv nr.:	372.1	Møtedato:	16.02.2015
Saksbehandlar:	Odd Repp				

Høyringssak. Revisjon av konsesjon for Veo-overføringa.

Sakspapir:

- Brev av 24.9.2014 frå NVE.
- Revisjonsdokument.
- Sak nr. 41/2014 i Lom fjellstyre.

Saksopplysning:

Denne saka var førebudd og stod på saklista til møtet i Lom fjellstyre den 17.12.2014. Det vart da gjort kjent at kommunen hadde planlagt eit ope møte om høyringa på kommunehuset den 14.1.2015. Med bakgrunn i dette vart saka utsett til etter dette møtet.

Saksutgreiing:

NVE har med brev dagsett den 24.9.2014 kunngjort at revisjonsdokument for overføring av Veo til Tessevassdraget er lagt ut til offentlig høyring, og med frist for høyringspartane til å kome med merknader innan den 20 februar 2015. Revisjonsdokumenta er henta frå internettsida til NVE www.nve.no/revisjon. Konsesjonen til overføring av Veo til Tesse vart gjeve ved kgl. res. av 22. april 1960.

Rammene for revisjonssaker er gjeve i revisjonsdokumentet, der det m.a. heiter:

Revisjoner skal være en sikkerhetsventil for å kunne bøte på uforutsette miljøskader og ulemper. Dette framgår av forarbeidene til revisjonsinstituttet og betyr at utredningskravet rundt en revisjon skal være moderat og ikke være noen ny konsesjonsbehandling eller ny vurdering av tiltaket. Hovedformålet skal være å kunne iverksette miljøforbedrende tiltak for å bøte på skader og ulemper av miljømessig karakter som ikke ble vurdert på konsesjonstidspunktet, eller hvor forholdene har utviklet seg annerledes enn antatt da konsesjonen ble gitt. Miljøkonsekvenser som var kjent da konsesjonen ble gitt er det i utgangspunktet ikke aktuelt å korrigere ved revisjon.

Revisjonskrav skal fremmes av representanter for allmenne interesser som er berørt av tiltaket (jfr Ot prp nr 50 (1991-1992) side 47). For å bli vurdert under revisjonen må kravene påpeke konkrete, uforutsette miljømessige skader eller ulemper som er forårsaket av overføringen, og som berører allmenne interesser. Videre må tiltak som kreves gjennomført være egnet til å avbøte de uforutsette miljømessige skadene eller ulempene. Hvis disse vilkårene ikke er oppfylt, faller kravene utenfor revisjonen.

I tilknytning til konsesjonen i 1960 vart det halde ekspropriasjonsskjøn der både fjellstyret og bruksrettshavarar med setrer og beiterett i nedfallsområdet til Smådøla vart tilkjent erstatning for skade på hamn og ulempe beitebruk, og for redusert fiske i Smådøla og på Tesse, og fjellstyret også for redusert sal av fiskekort. Av rettsboka går det fram kva krav som vart stilte, og kva som vart lagt til grunn for erstatningane.

Møtebok

Opplysningar og merknader:

Innleiingsvis er det grunn til å peike på det som truleg er ein faktisk feil i revisjonsdokumentet. I avsnittet om fiske er det opplyst at Vågå fjellstyre set ut 200 settefisk i Veo. Det er ukjent for Lom fjellstyre at Vågå fjellstyre set ut fisk i den delen av vassdraget som ligg innanfor Langmorkje statsallmenning. Derimot set Lom fjellstyre ut 200 settefisk som vert fordelt oppstrøms tunnelinntaket opp til eit stykke innafør nasjonalparkgrensa. Dette området og strekninga nedstrøms tunnelinntaket, ca. 4-5 km, ligg i Leir- og Bøverdalen statsallmenning i Lom kommune.

Det er vanskeleg å seie i kor sterk grad fiskebestanden er påverka av overføringa i den delen av Smådøla som ligg ovanfor tunnelutslaget. Men uttaler frå folk som hugsar og har erfaring frå fiske i Smådøla før overføringa skjedde, tyder på at fiskebestanden er relativt sterkt redusert både i kvalitet og kvantum. Om dette skuldast overføringa aleine, eller om også fiskeintensiteten kan ha innverknad, er vanskeleg å seia. Vidare er det heilt sikkert at tilslamminga av Nedre Smådalsvatnet har forårsaka at det ved lita vassføring har vorte vanskelegare for fisken å vandre oppover og nedover i vassdraget. For å betre passasjen her, burde det vore gjort ei oppreinsking for å få til ei skikkeleg djupål etter heile vatnet. Dette vil truleg vera konfliktfylt i høve til vernet av området, som kom i 1990, der formålet m.a. er "å bevare eit viktig våtmarksområde og eit spesielt rikt myrområde med vegetasjon, fugleviv og anna dyreliv....".

Tilslamminga av nedre vatnet har forårsaka ei demmingseffekt, som kan merkast også på øvre Smådalsvatnet. Den tidlegare mykje brukte vadestaden ved Storodden ovanfor dette vatnet, er ikkje lenger nokon eigna stad å ta seg over. Her er det nå forsumpa i vasskanten, og vatnet står ofte for høgt til at det går an å kome tørrskodd over. Denne vadestaden ligg strategisk til både for dei som har tilsyn med beitefeet i Smådalen, og folk som driv jakt og fiske eller anna friluftsliv her. Det burde setjast krav om at det vart tilrettelagt slik at denne vadestaden enklare kunne nyttast att.

På det opne møtet vart det opplyst at det før Veo-overføringa kom, hadde vore ein gamal vadestad over elva ved Flådammen nedanfor fossestryka, omlag der det nye tunnelutslaget for Smådølautbygginga er. På grunn av auka vassføring kan ikkje denne lenger nyttast. Nåvårsetringane har ein avgrensa beiterett i Langmorkje statsallmenning på andre sida av Smådøla, og ei gangbru over Smådøla her vil lette tilsynet med beitedyra på sørsida av elva.

I ekspropriasjonsskjønet i høve overføringa av Veo er bygginga av kraftlina frå Tessosen til anleggsstadane i Veodalen og Smådalen teke med i dei alminnelege skjønnsføresetnadene. Framføring av telefonlina er ikkje nemnt. Denne lina går i ei slik høgde over bakken at den er til stor skade for småviltet. Skadene som slike liner og nettinggjerde forårsakar på småviltet, er godt dokumentert gjennom forskning. Det vil derfor vera eit stort miljøforbetrande tiltak om denne lina kunne fjernast. Den teknologiske utviklinga vi har hatt burde gjera dette mogleg i dag.

Lom fjellstyre si uttale:

Fjellstyret meiner det bør setjast krav om at det vert gjort fiskebiologiske undersøkingar i øvre delen av Smådøla, for å kartleggje tilstanden på fiskebestanden og kome med

Møtebok

forslag til tiltak i eit forsøk på å auke produksjonen og kvaliteten på fisken i denne delen av elva att.

Det bør vidare setjast krav om at det vert tilrettelagt, slik at det vert eit kryssingspunkt over Smådøla både ved Storodden i Smådalen og i Nåvårsetermorka omtrent ved det nye tunnelutslaget. Både desse stadene var vadestader som vart brukte ein del før overføringa av Veo kom, men som nå ikkje er brukbare til det lenger.

Ved tilsyn med tunellinnslaget i Veodalen og utløpet i Smådalen vert tilkomstvegen frå Nordseter alt vesentleg nytta. Vegstykket mellom Nåvårseter og til krysset med Fuglsetervegen i Langmorkje statsallmenning inngår ikkje i veganlegget Hesthagen-Smørli, men tilhøyrrer Lom fjellstyre. Vegstubben som er på ca. 4 km, er ikkje avgiftsbelagt. Konsesjonærane burde kunne overta vedlikehaldsansvaret for denne strekninga, slik dei har det for vegen vidare innover til tunellinnslaget i Veodalen og i Smådalen. Bruken av denne vegstubben vil også auke som ein konsekvens av utbygginga av Smådøla.

Det vil vera eit stort miljøforbetrande tiltak å få fjerna telefonlina inn til anleggsstadene i Veodalen og Smådalen, og det bør setjast krav om dette dersom behovet for denne ikkje lenger er der, eller dette kan løysast på andre måtar. Samrøystes.

Utskrift går til:

- NVE, Konsesjonsavdelinga – som e-post
- Lom kommune – som e-post